



Kunnskapsdepartementet
UH-avdelinga
Postbok 8119 Dep
0032 OSLO

Vår dato: 18.11.05
Vår ref.: 2005/269
Dykkar dato: 16.08.05
Dykkar ref.: 200405483
Sakshandsamar: EYR

2005/269		
A		
200503597	54	006

HØYRING - UTKAST TIL FORSKRIFT OM EIGENBETALING

Høgskulen i Volda har nokre kommentarar til utkastet.

Vi er samde i dei prinsippa som er lagde til grunn, og vi ser positivt på at vi framleis kan krevje studieavgifter som berre delvis dekkjer kostnadene. Dette er eit viktig prinsipp for høgskulane, og det er viktig for distrikta sidan dei tilboda som det først og fremst er aktuelt å krevje studieavgifter for, er tilbod som er spesialtilpassa utdanningsgrupper i distrikta.

Vi er klar over gratisprinsippet i UH-lova og ser det som positivt at alle skal ha høve til å skaffe seg utdanning. Likevel er her nokre utdanningsgrupper i distrikta som av ulike grunnar ikkje har høve til å flytte på seg for å reise til ein utdanningsstad. Høgskulen i Volda har tilbydd tilpassa utdanning for nokre målgrupper i distrikta og på denne måten dekkja eit behov. Vi ser på dette som gode distriktpolitiske tiltak. Tilboda er spesialtilpassa og fører til ekstrakostnader for oss. Vi oppfattar 4. avsnittet i § 3-1 slik at vi må søkje departementet om unntak dersom vi vil setje i gang eit utdanningstilbod som fører fram til ei grad, og dersom finansiering av ekstrakostnader må skje ved studieavgifter. Dersom ikkje øyremerkte løyvingar dekkjer ekstrakostnadene, meiner vi det må vere ei kurant sak å gje unntak i slike tilfelle. Vi har problem med å forstå bakgrunnen for at erfaringsbaserte mastertilbod skal gje automatisk unntak. Vi meiner at dei teoretiske mastergradene også vil kunne spesialtilpassast og tilbydast som deltidsutdanning.

Med helsing

Gunnar Stave

rektor

Jacob Kjøde jr.

høgskuledirektør